

«Sjå, kor dei elsker kvarandre!»

Vigra 23.03.2017

Ca år 200 skreiv Tertullian (155-240) følgjande om kvifor den kristne forsamling hadde framgang:

- ***Involvering i samfunnet:*** «Vi er berre frå i går, og likevel har vi fylt alt som de (heidningar) har: byar, øyer, kommunestyre, råd, ja til og med krigsleirane, handverka, keisarlottet, senatet og torget. Berre templa har de fått behalde for dykk sjølve».
- ***Trua viktigare enn alt anna:*** «Martyrane sitt blod er kyrkja sin sæd. Døyande sigrar vi. I den stund vi vert korsfesta, går vi bort som sigersherrar»
- ***Søskenkjærleiken:*** «Sjå, kor dei elsker kvarandre!»


(Apologien)

- Påstanden: «Størst av alt er kjærleiken!»
- 1.Kor 13:13 «*Men no vert dei ståande desse tre: tru, håp og kjærleik. Men størst av dei er kjærleiken*».
- Vi tørstar etter kjærleik
- Mangel på kjærleik i våre forsamlingar
- **Misoppfatning nr 1:** «Kjærleiken er alltid mild»
 - 1.Joh 4:16 «*Og vi har kjent og trudd den kjærleiken Gud har til oss. **Gud er kjærleik.** Den som vert verande i kjærleiken, han vert verande i Gud, og Gud i han*».
 - 1.Kor 13:6 «*Han [kjærleiken] gleder seg ikkje ved urett, men gleder seg ved sanning*».
- **Misoppfatning nr 2:** «*Dersom du verkeleg elsker meg, må du vere mine fiendars fiende*»

Gud er kjærleik (1.Joh.4:16)

- Å skilje mellom Guds karaktertrekk og Guds natur
- Korleis definerer vi egentleg kjærleik?
- Vi trur på Bibelens Gud – ikkje fantasiens gud
- Matteus 10:39 «Den som finn livet sitt, skal missa det. Men den som misser livet sitt for mi skuld, skal finna det».


Tre dimensjonar av Guds kjærleik



Her er brukt Norsk Bibel 88	Orda «hæsæd» (nåde) «æmunah» (sanning) og «sedaqah» (rettferd) vert brukt i heile Salmenes bok når Gud skal lovprisast, men vert ofte omsett ulikt i bibelutgåvene.
Salme 33:4-5	«For Herrens ord er sant, all hans gjerning er trufast (æmunah). Han elsker rettferd og rett (sedaqah), jorda er full av hans miskunn (hæsæd)».
Salme 36:6-7	«Herre, til himmelen når di miskunn (hæsæd), din truskap (æmunah) til skyene. Di rettferd (sedaqah) er som mektige fjell, dine domar eit stort djup. Menneske og dyr frelser du, Herre!»
Salme 40:11	«Di rettferd (sedaqah) løynde eg ikkje i mitt hjarta, eg kunngjorde din truskap og di frelse. Eg løynde ikkje di miskunn (hæsæd) og di sanning (æmunah) for ei stor forsamling.»
Salme 88:12-13	«Vert det fortalt om di miskunn (hæsæd) i grava, om din truskap (æmunah) i avgrunnen? Skal dine under verta kjende i mørkret, di rettferd (sedaqah) i landet der gløymsla rår?»
Salme 98:2-3	«Herren har kunngjort si frelse, openberra si rettferd (sedaqah) for heidningane. Han har kome i hug si miskunn (hæsæd) og sin truskap (æmunah) mot Israels hus. Alle endane av jorda har sett frelsa frå vår Gud.»
Salme 119:75-76	«Eg veit, Herre, at dine domar er rettferdige (sedaqah), og i truskap (æmunah) har du audmykt meg. Lat di miskunn (hæsæd) vera mi trøyst etter ditt ord til din tenar!»

Gud er lys!

- **1.Joh 1:5** «Og dette er den budskapen vi har høyrte av han og forkynner dykk: Gud er ljøs, og det er ikkje noko mørker i han».
- **Joh 8:12** «Jesus tala atter til dei og sa: Eg er ljøset for verda! Den som fylgjer meg, skal ikkje ferdast i mørker, men ha livsens ljøs».
- **Joh 12:36** «Tru på ljøset medan de har ljøset, så de kan verta born av ljøset! Dette tala Jesus, og gjekk bort og løynde seg for dei».




Kva er mørke?

- Matt 6:23 «Men er auga ditt sjukt, då vil heile lekamen vera mørk. Er no sjølve ljuset i deg mørker, kor djupt vert ikkje då mørkret?»

Tre synlege
uttrykk for
mørke

urettferd



nådeløyse

villfaring